

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F738	Knut Øyjordet	04.03.21	9/21

**SØKNAD OM UTVISING AV TILLEGGSJORD VED EKSISTERANDE  
DYRKINGSPARSELL – OVE YMBJØRGØYEN**

*Saksdokument:*

1. Søknad frå Ove Ymbjørgøyen av 19.01.21.
2. Brev frå fjellstyret til kommunen, Langmorkje almenning og Statskog av 04.02.21.
3. E-post frå kommunen av 10.02.21 til fjellstyret.
4. E-post frå Langmorkje almenning av 19.02.21 til fjellstyret.
5. Brev frå Statskog av 23.02.21 til fjellstyret.

*Saksutgreiing og vurdering:*

Ove Ymbjørgøyen har søkt om å få utvist meir tilleggsjord ved eksisterande dyrkingsparsell ved Flatningen (festenr. 738, Bøneslivegen 463). Han skriv følgjande i søknaden:

*Eg eig bruket Rottemshagen, Gnr. 154, bnr. 10. Eg driv med sau, har nå 16 vinterfora soyer. Eg kunne tenkt meg å auka talet på sau, dvs. til 20-25 vinterfora, men pr. i dag har eg ikkje nok areal til å dekkje forbehovet. På bruket er det berre 3-4 dekar som er fulldyrka og det er vanskeleg å få dyrka opp meir der. Eg har ein dyrkingsparsell ved Flatningen (feste 738), som vart utvist i 1969, og er på totalt ca. 25 dekar. Ca. 16 dekar av denne er oppdyrka, det resterande arealet vurderer eg som lite eigna for dyrking pga. grunnforholda (stor stein). Enkelte år når det er därleg avling, har eg også måttा kjøpt rundballar for å dekkje behovet for dagens besetning. For å kunne auke besetninga, så søker eg om å få utvide parsellen mot aust, slik som vist på vedlagte kart. Dette vil kunne gje ca. 7-8 dekar ekstra fulldyrka jord. Skiløypetraseen til Vågåfjell turløyper går gjennom det omsøkte arealet. Dersom eg får løyve til å dyrke opp her, så vil eg ordne med grinder slik at det fortsatt kan preparerast skiløype her. Håpar på positivt svar.*

Søknader om tilleggsjord blir behandla etter reglane i "Seterforskrifta". Fjellstyret fattar vedtak om utvising, men spørsmål om inngjerding er ei grunndisponering der Statskog tek avgjerd. Det krevst difor løyve både frå fjellstyret og Statskog. I tillegg krevst det løyve frå kommunen etter forskrift om nydyrkning. Etter seterforskrifta skal fjellstyret legge fram saka for kommunen, Statskog SF og Langmorkje almenning for fråsegn. Ingen av desse har merknader til utvising av aktuelt areal som omtala nedanfor. Statskog skriv m.a. følgjande i si uttale:

*Statskog har ingen innvendinger til at arealet utvises til tilleggsjord. Området vart befart i juni 2020. I og med at søker disponerer dyrkingsareal i direkte tilknytning til det området som søkes om, anses det som praktisk og rasjonelt å kunne vise ut nærliggende areal. Forutsatt at fjellstyret utviser areal, har ikke Statskog noen innvendinger mot at arealet gjerdes inn, jf. Fjelloven § 12. Før inngjerding kan gjennomsøres gjør vi oppmerksom på at det utviste arealet må avgrenses og matrikuleres, og kostnader knyttet til dette må dekkes av den som får utvist arealet. Statskog vil rekvirere oppmåling når endelig utvisningsvedtak foreligger fra fjellstyret.*

---

Adresse Postboks 16 2684 VÅGÅ	Telefon 61 29 37 37	Bankgiro 2085.25.13625	E-post vaga@fjellstyre.no
-------------------------------------	------------------------	---------------------------	------------------------------

Behovet for meir tilleggsjord er godt grunngjeve i søknaden, og fjellstyret bør difor sjå positivt på ei utviding av eksisterande parsell. Generelt er utvising av tilleggsjord på «nytt land» ikkje vanleg i dag, sist gong var i 2013 med utvising av meir tilleggsjord til Svein Lonbakken ved Vakkarsletta.

Kart over det aktuelle arealet er vedlagt. Fjellstyret hadde ein stopp og såg på det aktuelle området under ei synfaring i juni i fjor, fordi ein allereie da visste om at Ymbjørgøyen kom til å sökje om meir tilleggsjord.

**Innstilling til vedtak:**

Med heimel i § 20 i Seterforskrifta får Ove Ymbjørgøyen utvist ca. 7-8 dekar soraust for eksisterande dyrkingsparsell til tilleggsjord. Fjellstyret grunngjev dette med at han behov for meir føring sidan han har planar om å auke talet på sau og at det resterande udyrka arealet på eksisterande parsell ikkje er eigna til oppdyrkning.

Fjellstyret rår Statskog til å godkjenne inngjerding av det aktuelle området. Dersom Statskog er positiv til inngjerding vil sjølve utvisinga med nøyaktig avgrensing av arealet skje på ei synfaring med fjellstyret og Statskog.

**Vedtak:**

Samrøystes: Som innstillinga.

*Rett utskrift. Går til:*

Ove Ymbjørgøyen  
Statskog SF v/Hilde Hammer

*Kopi til:*

Kommunen v/landbrukskontoret  
Langmorkje almenning  
Vågåfjell Turløyper v/Øistein Formo

Vågåmo, 05.03.21

Knut Øyjordet (e.f)

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no